

Miljødirektoratet  
v/Statsforvaltaren i Vestland  
[sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)

25.03.2024

## **KLAGE PÅ LØYVE TIL PLANTING AV SITKAGRAN PÅ GNR. 132 BNR. 4 I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

Dykkar ref. 2024/2347

Vi blei kjent med saka ved melding frå Miljøvedtaksregisteret 5.3.2024 og fekk søknadsdokumenta tilsendt etter førespurnad 7.3.2024.

Vi klagar herved på vedtaket. Vi meiner denne søknaden skulle ha vore avslått.

Organisasjonane som klagar arbeidar spesielt med naturmangfald. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

### **Hjort som del av problemet**

Kortversjonen av denne saka kan oppsummerast slik: For hundre år sidan stod det furu blanda med anna lauvskog i dei litt skrinnare liene og edellauvskog der det var rikare. Så har ein innført grana til Vestlandet. Sitkagrana og vestamerikansk hemlokk blei også nytta, alt med tanke på større produksjon og meir pengar til skogeigaren. Så har ein forvalta hjorteviltet så det kan skytast fleire dyr. Alt har på sitt vis slått til. Så kjem ulempene.

Når ein har fått seg så mange hjortedyr at dei et opp skogen og kanskje avlinga på innmarka med, så må ein jakte fleire hjortedyr og endre forvaltingsstrategien<sup>1</sup>. I hjorteviltstrategien for Bjørnafjorden er det ønskje om å redusere stammen med 30-50%.



Lutzgran frå Nordmøre.

<sup>1</sup> [https://bjornafjorden.kommune.no/\\_f/p1/i03da8031-a685-453f-821f-390d1b2062a2/hjorteviltstrategi-bjornafjorden.pdf](https://bjornafjorden.kommune.no/_f/p1/i03da8031-a685-453f-821f-390d1b2062a2/hjorteviltstrategi-bjornafjorden.pdf)

Elles bør ein legge til grunn at sitkagran blir beita av hjort. Ei skotsk undersøking<sup>2</sup> seier noko om dette.

Planter ein skog som hjorten ikkje tar, så vil fortsett stor hjorteviltstamme berre føre til at hjorten et opp skogen hos andre i staden. Å gje løyve til planting av sitkagran i ein slik situasjon vil ikkje løyse noko. Då er det meiningslaust å plante sitkagran når sitkagran i seg sjølv er eit problem.

### **Kartlegging**

Vi har sett på Naturbase. På eit areal på ca. 15 km<sup>2</sup> rundt omsøkte skog finn vi tre registrerte naturtypelokalitetar, ei slåttemark, ei strandeng og ein edellauvskog. Om dette er alt, eller om så få lokalitetar fortel at det er lite som er kartlagd i området, veit vi ikkje. Det er ikkje gjort så mykje vurdering av dette i vedtaket.

Vi har sett på Artskart. Heller ikkje der ser vi mange registreringar. Det er i alle fall ikkje nok til å skaffe seg inntrykk av kva slag natur som er i området.

På kartet ser vi sør for området namnet Lindeskora. Det kan tyde på at det i alle fall har vore lind i området. Lind (NT) er av dei treslaga som kan bli påverka av sitkagran.

I søknaden er det kryssa av for innmarksbeite. Førekost av semi-naturleg eng kan vere så mangt, og må kartleggast for å vurdere om det er raudlista naturtypar eller artar innblanda.

### **Sumverknader**

Viss planting av sitkagran fører til at hjorten flytter seg til andre stader, er det viktig å vite kva som då blir borte, andre stader. Vil det då bli hardare beiting på rogn, osp, selje og alm? Kva konsekvensar vil reduksjon av dei nemnte lauvtreartane ha? Vil det bli vanskelegare å få til ein variert skog for andre skogeigarar i området, sidan lauvtre blir beita hardare enn normalt? Dette er spørsmål som er viktige i saka, men ikkje vurdert i vedtaket.

Søkjjar seier at han ønskjer å skape ein meir variert skog som er meir robust:

Planlagd planting av sitka gjeld området der vanleg gran forsvann etter planting, eller der lauvtrærne ikkje klarte å etablere seg

Det var granskog tidlegare, og planting av sitkagran i grupper har svært liten påverknad på mangfaldet eller andre artar.

Målet er å etablere en skog med flere treslag, noe som kan øke motstanden mot ulike utfordringer i fremtiden.

Nøkkelen for å få til ein meir robust skog er å gå tilbake til det som stod der før ein begynte å plante framande treslag. Bruk av utanlandske treslag for å få til slike løysingar bør ikkje vere aktuelle, då ein ofte vil skape nye problem.

### **Oppsummering**

Tema som skade etter hjortebeiting er sentralt, og er ikkje løyst. Frøspreiing til skoglokaliteter i nærleiken er mangelfullt vurdert. Totalt omfang av sitkagranpåverking manglar. Bruk av sitkagran der det har vore gran frå før bør ikkje vere romslegare enn det skogsertifiseringa legg opp til. Sumverknader manglar vurdering.

---


<sup>2</sup> <https://academic.oup.com/forestry/article/82/4/387/549015>

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
Generalsekretær, Sabima

Marte Conradi  
Leiar landteamet, WWF Verdens naturfond



Frå søknaden.



Artskart 18.3.2024



Naturbase 18.3.2024